



Årbok for Karmsund 1997-1998

Karmsund Folkemuseum



Haugesund 1998

Haugesund Bok & Offset A.S



Kartet viser utbreiing av delt bokjønnsbøying i Rogaland og tilgrensande område i Vest-Agder (Sirdal). Det søre området omfattar Øvre Sirdal, Tonstad, Heskestad, Helleland, Eigersund, Bjerkreim og den søre delen av Ogna. Det nordre området omfattar Utsira, Føyna og Røvær, dessutan soknene Ferkingstad, Åkra og (den vestre delen av) Torvastad.

Føyne/Føynå, Karmøyne/Karmøynå

EI DIALEKTGRENSE I NORDVEST-ROGALAND

Av: Inge Særheim

Innleiing

Her i landet er det blant folk flest ei interesse og eit engasjement når det gjeld dialektar og annan språkleg tradisjon som det er vanskeleg å finna maken til i andre land. Dette engasjementet kjem til uttrykk på mange område, m.a. i skuleverket, der norske folkemål i meir enn 100 år har hatt ein lovfesta plass. Dialekt er i dag akseptert som fullverdig uttrykksmåte i dei aller fleste samanhengar. Språket er ein viktig identifikasjonsfaktor, som gjev oss identitet både som einskildmenneske og som gruppe, også som folk og nasjon. Talemålet vårt røper oss, det markerer tilknytning til landsdel, by og bygd.

I samband med kulturminneåret (1997) kan det vera grunn til å minna om at det nedarva norske talemålet, som forgreiner seg i mange ulike dialektar, vel må seiast å vera den viktigaste delen av kulturarven vår. Det står i ei ubrotten utviklingsline som går fleire tusen år attende i tid. Sjølv om dei mange målføra våre har utvikla fleire særdrag som skil mellom dei ulike variantane, har me ingen større vanskar med å skjønna kvarandre her i landet, og me kan difor tala om eit sams norsk talemål.

Dialektane er i stadig utvikling, og tendensen ser for tida ut til å gå i retning av at mange særdrag og utstikkande uttrykksmåtar blir utviska. For å motverka at mange særmerkte ord, uttrykk, stadnamn og annan språkleg tradisjon skal gå tapt, blir det for tida registrert slikt tilfang i mange bygder og byar, ikkje minst i Rogaland. Slik kan me - og etterkomarane våre - få kjennskap til kva som er nedarva språkkultur i vår eigen landsdel og i andre delar av landet. Ein kan likevel ikkje rekna med at det i særleg grad er råd å styra utviklinga av dei einskilte dialektane, t.d. når det gjeld uttalemåte og bøyingsformer.

Når folk flest talar om dialektar, kjem dei ofte inn på dei heilt spesielle orda og seiemåtane som er brukte på visse stader. Det kan stundom sjå ut som ein med ordet dialekt meiner «løgne ord og uttrykk». Dei som studerer språk, ser på dialektar eller målføre på ein annan måte, nemleg som sjølvstendige variantar av eit språk, med fullt utbygt grammatisk system,

altså med reglar for uttalemåte og bøyning. Som viktigaste skiljemerke mellom dialektane reknar dei særdrag ved uttale og bøyning, med andre ord det ein kallar lydverk og formverk, ikkje ordtilfanget.

På tilsvarande måte kan ein seia at den viktigaste skilnaden mellom nærskyldte språk, som norsk, svensk og dansk, ikkje gjeld sjølve orda, men uttalen og bøyinga av orda. Sjølve ordtilfanget er stort sett likt i desse språka, men uttalemåten og bøyinga er ofte ulik.

På grunnlag av uttale- og bøyingsmåtar kan ein dra opp grenser som viser utbreiinga til ulike målmerke. Slike dialektgrenser viser viktige særdrag til dei ulike målføra. Det er også råd å laga kart for kjennskapen til og bruken av einskildord, men slike grenser er mindre høvelege som grunnlag for ei systematisk inndeling av dialektar.

Somme dialektgrenser følgjer kommune- eller soknegrenser, medan andre går på kryss og tvers av dei administrative grensene. Med dei store kommunane me har i dag, som følgje av kommunereguleringa i 1960-åra, vil ein ofte finna målføregrenser som kryssar kommunegrensene. Men når ein jamfører med dei gamle sokne- og heradsgrensene, viser det seg ofte at målføregrensene fell saman med dei.

Bøyning av hokjønnsord i eintal

Her skal me sjå nærare på utbreiinga av ein særmerkt bøyingsmåte som ein finn i delar av Nordvest-Rogaland, og fleire andre stader her i landet, nemleg bøyinga av såkalla sterke hokjønnsord i eintal. Døme på slike ord er *bei, øy, bok, seng, flu, bygd, myr, mark, sild, kjerring*.

Om ein tek til med siramålet, altså dialekten på øya Sira (Utsira), vil ein der i bestemt (bunden) form finna former som *beie, øyne, bokje, senje, flune, bygde, myre, markje, sille, kjerinje*, altså med ein *e*-lyd som ending.

Dei hokjønnsorda som ein plar kalla svake (eller linne), t.d. *kone, sviske, hole, ekre, skive*, får i siramålet *o*-ending i bestemt form, nemleg *kåno, svisko, hålo, ekro, sjevo*.

I siramålet skil ein med andre ord mellom sterke og svake hokjønnsord i bestemt form eintal. Eit slikt skilje finn ein i mange norske målføre, særleg på Vestlandet (i søre delen) og i dalbygdene midt i landet (midlandsmåla). I Rogaland er dette skiljet særleg kjent frå sørfylket, nemleg frå Dalane. Det gjeld målet i Bjerkreim, Eigersund, Helleland og Heskestad.

I dei andre dialektane i Rogaland får sterke og svake hokjønnsord same endinga i bestemt form eintal, til vanleg *-å*: *beia, øynå, senja, kjerinja, og kånå, sviskå, sjevå*. Men somme stader, m.a. i Sokndal og i delar av Suldal, Time og Gjesdal (særleg i eldre mål), finn ein *o*-ending: *beio, øyno, senjo, kjærinjo (kjerinjo), og kåno, svisko og sjevo*.

Også i norsk rettskriving har ein høve til å skilja mellom sterke og svake hokjønnsord på tilsvarande måte som i einskilde målføre. Som sideform (også kalla klammeform) kan ein i nynorsk skriva t.d. *heii, øyi, boki, sengi, flui, bygdi, myri, marki, sildi* og *kjerringi*, altså nytta *i*-ending. Hovudforma for dei sterke orda er likevel *a*-ending: *heia, øya, boka, senga, flua, bygda, myra, marka, silda, kjerringa*. Dei svake orda skal ha *a*-ending: *kona, sviska, hola, ekra* og *skiva*. Lik bøyingsform i sterke og svake hokjønnsord er med andre ord hovudregelen i nynorsk.

Same skiljet som ein finn i siramålet mellom sterke og svake hokjønnsord, finst òg andre stader i Nordvest-Rogaland. Det er ifølgje faglitteaturen kjent frå Føyna og Torvastad. I *Norske Bygdemaal* (kapitlet om Rygemaal, 1909:105) skriv Hans Ross at dette skiljet finst «paa Øyflokken Sira, utfyre Ryfylke, o finnst paa sume øyar o nes i nordvestre luten av Karmt, «Karten» ell «Kartalande»». I boka *Nynorsken i sine målføre* (1951:101) lokaliserer Sigurd Kolsrud dette målmerket til Nord-Karmøy, medan Olav Hetland Sandvik i boka *Talemål i Rogaland* (1979:92) heimfester det til Føyna, Torvastad og Utsira.

Per Henning Rege Uppstad, som har skriva hovudfagsoppgåve om Stadnamn frå sjøen på Vestkarmøy (1993:9 f.), har stort sett same avgrensinga av dette fenomenet som Sandvik. Han understrekar at ein i området mellom Veavågen og Visnes finn *å*-ending i både sterke og svake hokjønnsord.

I boka *Utsira. Namn og stader* (1990:16 f.) har eg sjølv peika på at såkalla kløyvd eller delt hokjønnsbøying (skilje mellom sterke og svake ord i bestemt form eintal) tidlegare har hatt stor utbreiing på Vest-Karmøy, noko stadnamna frå dette området gjev melding om. Eg skriv at dette fenomenet i daglegtalet truleg står sterkast i Veabygda og tilgrensande bygdelag.

Den delte hokjønnsbøyinga i dette området må likevel seiast å vera eit målmerke som står svært utsett til for trykk utanfrå. Det er for tida sterk påverknad frå grannemåla i Nord- og Midt-Rogaland, som har lik ending (-*å*) i sterke og svake hokjønnsord, noko som lett fører til vakling i val av bøyingsform. Den delte hokjønnsbøyinga er nok på veg ut i delar av dette området, både på Sør- og Nord-Karmøy.

Delt hokjønnsbøying i stadnamn frå Vest-Karmøy og Røvær

Gjennom registrering av stadnamn kan ein få opplysningar om kor stor utbreiing den delte hokjønnsbøyinga har hatt i dette området. No i 1980- og 1990-åra er det samla inn store mengder stadnamn i Karmøy kommune, og i dei andre kommunane i Rogaland. Rogaland fylkeskommune har sett i gang eit større registreringsprosjektet, som er gjennomført i nært samarbeid med dei einskilde kommunane og ei rekkje lag og organisasjonar. Frå

Karmøy kommune er det registrert nær på 5.000 einskildnamn, frå Haugesund ca. 3.500 og frå Utsira vel 700. Tilfanget frå Utsira er gjeve ut i bokform.

Ved innsamlinga er dei einskilde stadnamna skrivne ned i dialektforma, på grunnlag av uttalemåten til eldre tradisjonsberarar i grendelaga. Uttalemåten er òg teken opp på kassetband.

Stadnamna er overleverte munnleg frå generasjon til generasjon i det lokale talemålet, og ein kan difor rekna med at dei reflekterer nedarva uttale- og bøyingsmåtar i det lokale målføret der dei er nytta. I somme høve er det i stadnamna halde ved lag - konservert eller frose fast - ein eldre uttale- eller bøyingsmåte som har vore i bruk tidlegare, men som no er ute or målet, t.d. gamle kasusendingar. Namna inneheld i regelen ord som er eller har vore kjende av namnebrukarar.

Ettersom stadnamna oftast er registrerte i den forma som eldre målbrukarar har nytta, kan ein seia at dei representerer målet til den eldste generasjonen på den tida innsamlinga vart gjennomført. Yngre målbrukarar kan ha nytta andre former og uttalemåtar på dette tidspunktet.

Ein gjennomgang av stadnamn som er registrerte frå Vest-Karmøy i 1980- og 1990-åra, gjev mange interessante opplysningar om vestkarmøymålet, og bør t.d. kunna gje informasjon om utbreiinga av delt hokjønnsbøying i dette området. Ettersom kyststroka nord for Veavågen synest vera godt kartlagde i hovudfagsarbeidet til Uppstad, vil det her vera av størst interesse å sjå nærare på grender og bygdelag sør for Veavågen.

Ein gjennomgang av det innsamla tilfanget viser, som ventande er, at delt hokjønnsbøying er gjennomført i stadnamna som er registrerte frå Veabygda, med *e*-ending i dei sterke orda. Namn med ordet *øy* som hovudledd har t.d. forma *-øyne*: *Hedlesøyne*, *Storøyne*, *Repsøyne*, *Såøyne* og *Salvøyne*, medan ordet *vik* endar på *-vikje*: *Sprinkjelsvikje*, *Sevikevikje*, *Krabbavikje*, *Todnevike*, *Spriseilsvikje*, *Ormavikje*, *Varanesvikje*, *Jovikje*, *Bjelkavikje*, *Buarvikje*, *Naustvikje*, *Mongkajorsvikje*, *Ysthusvikje*, *Slettavikje*, *Kvednavikje* og *Taravikje*. Same bøyingsmåten finn ein elles i namn som *Kattatjydne*, *Sjurstjydne*, *Tipphåymyre*, *Maramyre*, *Ingrilåggje*, *Slette* og *Våmbe*, som inneheld dei sterke hokjønnsorda *tjørn*, *myr*, *logg*, *slett* og *vom*.

Også i område som grensar til Vea, finn ein systemet med ulik ending i sterke og svake hokjønnsord godt gjennomført. På Sevland har elevar ved Kopervik vidaregåande skole registrert stadnamn. I dette tilfanget er delt hokjønnsbøying heilt gjennomført, jf. namneformer som *Kvednavikje*, *Sjoarevikje* og *Markje*. Av namn med svake hokjønnsord frå denne garden kan nemnast *Nibbå*, *Krunå* og *Sekå*.

Elles finn ein på garden Haringstad, som ikkje ligg ned til sjøen, *Bergaskogtjødne* og *Stembaugsmyre*. Frå garden Tjøsvoll kan nemnast



Sildesteng i Helganesvikje (-vika) på Sira.

døme som *Grønvikje*, *Kulevikje*, *Tresvikje*, *Storhaugsvikje* og *Grønevikje*, og frå *Åkra Tjydne*. Til same kyrkjesokna (Åkrasokna) høyrer garden Liknes, der det er notert namn som *Krabbavikje*, *Selvikje*, *Storebåsvikje*, *Seihammarvikje*, *Risdalsvikje* og *Teinevikje*.

I dei delane av Åkrasokna som ligg sør for Veabygda, er likevel ikkje mønsteret med delt hokjønnsbøying så konsekvent gjennomført i innsamla stadnamn som i sjølve Vea-området. Det kan ha fleire årsaker. Hjø «yngre» informantar synest det vera meir bruk av *å*-ending i ord der ein etter det tradisjonelle mønsteret skulle venta *-e*. Det kan tyda på at systemet med delt hokjønnsbøying står svakare i dette området og vel er i ferd med å bli avløyst av eit mønster med lik ending (*-å*) i sterke og svake hokjønnsord.

Det kan dessutan sjå ut som nokre oppfattar *e*-ending som «feil» og byter det ut med *å*-ending ved registreringa av namn. I somme høve er namn skrivne med *å*-ending på namnelista, men er uttala med *-e* under kassettopptaket. Ein grunn til at *-å* vert oppfatta som meir «korrekt» enn *-e*, kan vera at *å*-endinga er nytta i byar og tettstader i nærleiken, som Haugesund, Kopervik og Skudeneshavn. Også stavanger- og sandnesmålet har *-å* både i sterke og svake hokjønnsord. At bymålet i Eigersund har delt hokjønnsbøying på tilsvarande måte som vestkarmøymålet, har knapt noko å seia i denne samanhengen.

Sør for Åkrasokna ligg Ferkingstadsokna. Også i stadnamntilfanget frå

dette området er det mange døme på delt hokjønnsbøying. Ein finn dette målmerket faktisk i heile sokna, frå Stava i nord til Sandve i sør. Somme stader er det fullt ut gjennomført i namn som er registrerte.

Frå garden Stava kan nemnast døme som *Revamyre*, *Larsamyre*, *Håssågemyre*, *Myre*, *Lillanntjydne*, *Karibue*, *Røyse*, *Kvedne*, *Kåse*, der dei sterke hokjønnsorda *myr*, *tjørn*, *bu*, *røys*, *kvern* og *kås* er representerte. I materialet frå Stava er *e*-ending i sterke hokjønnsord fullt ut gjennomført. Av namn som inneheld svake hokjønnsord, kan nemnast *Kringlå*, *Krunå*, *Tuå*, *Grytå* og *Nibbå*, altså orda *kringle*, *krune*, *tue*, *gryte* og *nibbe*. Simon M. Stava har vore informant for namna frå Stava.

Frå garden Ferkingstad kan nemnast *Bandavikje*, og frå Nes *Svinajersvikje*, *Revursmyre* og *Slettaflone*. Men frå desse to gardane er fleire sterke hokjønnsord noterte med *å*-ending, og denne endinga er òg nytta i namna frå garden Stol.

I namna frå Longåker finn ein oftast *e*-ending i sterke hokjønnsord, jf. *Långåkeråne*, *Dåvamyre*, *Sebestølsmyre*, *Kvilhaugsmyre*, *Hidleslannsmyre*, *Skokkatjydne*, *Tjydne*, *Reine*, *Litlavassbrune*, *Ulvadalsbrune*, som altså inneheld orda *å*, *myr*, *tjørn*, *rein* og *bru*. Men også her er det døme på *å*-ending i ord som *vik* og *myr*. I eit par høve nyttar informanten først *e*-ending i eit namn som har eit sterkt hokjønnsord som hovudledd, men rettar det straks til *å*-ending. Også det tyder på at ein naturleg vil nytta *e*-ending i slike namneformer, men reknar *å*-ending som meir «korrekt», og difor «korrigerer» uttalemåten.

Noko veksling mellom *e*- og *å*-ending finn ein òg i namna frå Kvilhaug og Kvilhaugsvik. Frå den sistnemnde staden er det notert døme som *Sjiftesvikje* og *Veraslette*, og frå Kvilhaug *Onskråne* (vel *omnskråa*, altså ordet *krå*). Frå Dyrland derimot ser delt bøying ut til å vera heilt gjennomført, med *-e* i dei sterke og *-å* i dei svake orda, jf. *Stemmeslette*, *Rasmusaune*, *Myre*, *Øygarsmyre*, *Gamlamyre*, *Noramyre* og *Henriksmyre*. Her er tre informantar, to er fødte i 1905 og ein i 1914.

Elevar ved Kopervik vidaregåande skole har samla inn stadnamn frå gardane Hebnes og Dyrland. I dette materialet er delt hokjønnsbøying heilt gjennomført. Frå Hebnes kan nemnast *Hibnesvikje*, *Grodvikje* (gno. *grjót* 'stein'), *Seiavikje*, *Hibneståne*, *Båtstøe*, *Vikamyre*, *Lysemyre*, *Stølsmyre*, *Vestjore* (vel *jord* f.) og *Åne*.

Den sørlegaste garden på Vest-Karmøy som ifølgje stadnamnregistreringa har delt hokjønnsbøying, er Sandve. Frå denne staden er det skrive ned namneformer som *Laksavikje*, *Ågervikje*, *Kvidemyre*, *Slettedalsmyre*, *Tådleifsmyre*, *Fjellsnåve*, (*Nor i*) *Ure* og *Torneflone*, altså med ord som *vik*, *myr*, *nov*, *urd* og *flo*. Av namn med svake hokjønnsord kan nemnast *Hedlå*, *Hålå* og *Klypå*. Eitt av namna med sterkt hokjønnsord er notert



Frå *Vestra markje* (-marka) på Sira.

Foto: Inge Særheim

med *å*-ending. Som informant for namna frå Sandve er m.a. nytta Arne Sandve (f. 1920). Nord for Sandve ligg Vikra, Haga og Sandhåland, der det er notert *-å* i sterke hokjønnsord.

Konklusjonen etter denne gjennomgangen blir med andre ord at delt hokjønnsbøying, med *-e* i dei sterke og *-å* i dei svake orda, er registrert frå mest heile den midtre og søre delen av Vest-Karmøy, frå og med Veia i nord til og med Sandve i sør. I tillegg kjem den nordvestre delen av øya, nord for Visnes.

Ser ein på den gamle inndelinga av dette området i kyrkjesokner, viser det seg at dette målmerket omfattar Ferkingstadsokna (i tidlegare Skudenes herad) og Åkrasokna (i tidlegare Åkra herad), dessutan dei vestre delane av Torvastadsokna (tidlegare Torvastad herad), medrekna Føyna og Utsira. Utbreiinga av delt hokjønnsbøying høver altså godt med den gamle sokneinndelinga.

Den delen av Vest-Karmøy som høyrer til Avaldsnessokna, altså området mellom Veavågen og Visnes, synest ha *å*-ending i sterke hokjønnsord, som resten av denne sokna. Same bøyingmåten har dei få gardane på sørvestspissen av øya som høyrer til Falnessokna, altså gardane sør for Sandve.

Øygruppa Røvær i Haugesund kommune har tilsvarande bøyingmåte av hokjønnsorda som Sira, Føyna og det meste av Vest-Karmøy. Det går òg klart fram av stadnamna som er registrerte frå dette øysamfunnet. Blant mange

døme kan nemnast *Sirisenje* (visstnok ordet *seng*), *Storåkerвикje*, *Kvalberrsvikje*, *Buhålmsvikje*, *Hållendervikje*, *Steinvikje*, *Breiavikje*, *Måsatångsvikje*, *Slåggevikje*, *Gannvikje*, *Pilevikje*, *Buhålmsvikje*, *Hållkåp-
pevikje*, *Grønavikje*, *Liggvikje*, *Klubbavikje*, *Bekkarvikje*, *Glettebokte*, *Høvringsbokte*, *Måkestrande*, *Ulvøyne*, *Hidlereøyne*, *Kvalberrstjydne*, *Kalvatjydne*, *Hestamarkje*, *Myre*, *Varamyre*, *Veramyre*, *Storakastmyre*, *Mineure*, *Spekkure*, *Kåretone* (ordet *to* 'hulle i berg'), *Kjerringeflune* (ordet *flu* 'grunne som ligg like under sjømålet'), *Annakvartårsflune*, *Melerflune*, *Tårkelsflune*, *Måkastrande*, *Lotastrande*, *Brokje* (ordet *brok*, brukt om ein båt), *Stutaslette*, *Treslette*, *Melkevikslette*, *Vaslette*, *Buhålmsvikslette*, *Klåvhaugslette*, *Gateslette*, *Melkevikslette*, *Veraslette* (ordet *slett*).

I svake hokjønnsord har røvmålet tydeleg *o*-ending, jf. *Kattapino*, *Larsabålo*, *Måssebålo*, *Jakåbsbålo*, *Tvillingebålo*, *Starabålo*, *Vassbrekko*, *Grautabrekko*, *Tuo*, *Gryto*, *Ekro*. Målføret på Røvær har med andre ord same endingane i hokjønnsorda som siramålet og eldre torvastadmål.

Etter denne gjennomgangen av stadnamnmateriale synest det vera godt grunnlag for å seia at delt hokjønnsbøying har omfatta eit samanhengande område i Nordvest-Rogaland, nemleg dei tre busette øysamfunna vest for Haugesund og Karmøyna, altså Utsira, Føyne og Røvær, dessutan Vest-Karmøy (med unntak av området sør for Sandve og området mellom Veavågen og Visnes). Området er langt større enn målføregranskarar tidlegare har rekna med (jf. Ross 1909:105, Kolsrud 1974:10, Sandvik 1979:92).

Også andre stader på Sørvestlandet finn ein delt hokjønnsbøying der målføregranskarar tradisjonelt har rekna med lik form i sterke og svake ord, t.d. i heile tidlegare Tonstad herad, som no høyrer til Sirdal kommune (Særheim 1992:30 f.). Målførekart som viser utbreiinga til denne 2bøyingmåten, må med andre ord reviderast.

Omlegging av bøyingmønsteret

Av namnedøma som er nemnde frå Vest-Karmøy, går det fram at det er ein god del veksling - eller kanskje helst vakling - i bøyinga av hokjønnsord i dette målområdet, i alle høve i delar av området. Det tradisjonelle mønsteret er i ferd med å bli trengt attende av eit mønster med lik form, *-å*, i både sterke og svake hokjønnsord. Denne utviklinga ser ut til å ha nådd lengst heilt sør og heilt nord på Vest-Karmøy.

Det underlege er at vekslinga mellom *e*- og *å*-ending ved bøying av sterke hokjønnsord ser ut til å ha «smitta over» på dei svake orda. For også for dei svake orda synest det stundom vera usikkerheit når det gjeld val av bøyingssending. Fleire stader ser det nemleg ut som ei tradisjonell *å*-ending er bytt ut med *-e*.

Om ein ser på stadnamn som er registrerte frå dette området, og denne gongen tek til i sør, kan det frå Sandve nemnast namneformer som *Steinkjelle*, *Sanvestølskjelle*, *Tådleifsmyrkjelle* og *Øygarstue*, der altså dei svake hokjønnsorda *kjelde* og *tue* er registrerte med *e*-ending i bestemt form. Den «normale» forma i ord av denne klassen finn ein i nokre andre stadnamn frå Sandve, som *Hedlå*, *Hålå* og *Klypå*. Elles får svake hokjønnsord, som kjent, *a*-ending i ubestemt form eintal, både i karmøymålet og i andre målføre i Rogaland, altså *ei kjella*, *ei tua*, *ei hedla*, *ei håla*.

Går ein til Longåker, finn ein der former som *Tarabrekke*, *Kvilhaugsveite* og *Norlenningsveite*, altså dei svake hokjønnsorda *brekke* og *veite*. Frå Stava er det notert namneformer som *Annemorståve* (ordet *stove*), *Bångsabrekke* (*brekke*), *Varakjelle*, *Tominekjelle*, *Stavakjelle*, *Abrahamskjelle* og *Brimsekjelle*, dei sistnemnde med ordet *kjelde*. Namn frå denne garden med «normal» form er *Kringlå*, *Tuå*, *Krunå*, *Nibbå* og *Grytå*. Frå Tjøsvoll kan nemnast *Labryggje* (ordet *bryggje*), og frå Sevland *Halveite*.

Jamvel frå Veabygda, der bruken av delt hokjønnsbøying ser ut til å vera godt gjennomført, i alle høve når det gjeld stadnamna, finn ein døme på veksling i bøyinga av svake hokjønnsord. Ordet *brekke* er t.d. notert med *e* i namna *Ginebrekke*, *Påstbrekke*, *Hilnabrekke* (kvinnenamnet *Helena*), *Skulebrekke*, *Smalabrekke*, *Heimdalsbrekke* og *Jensabrekke*. Det svake ordet *tue* har sameleis fått *e*-ending i *Joviketue*.

Også denne vekslinga - eller vaklinga - når det gjeld bøying av svake hokjønnsord, synest ha bakgrunn i at mønsteret for bøying av hokjønnsord er under omforming, og at det i omleggingsfasen rår uvisse om fordelinga av endingane *-e* og *-å*, både når det gjeld dei sterke og dei svake orda. Døma med veksling i bøyingending er så mange og er noterte frå så mange gardar at det her knapt kan vera tale om tilfeldige førekomster.

Reint språkleg kunne ei ending *-e* i svake hokjønnsord forklarast som ei «stivna» kasusform, utvikla av såkalla oblik kasus (sams form for akkusativ, genitiv og dativ) i gammalnorsk. Svake hokjønnsord enda på *-u* i oblik kasus i gammalnorsk, t.d. *brekku*, *keldu*. Denne endinga er i rogalandsmål utvikla til *-e*. Mange gardsnamn er utvikla av oblik kasus. Av gardsnamn med eit svakt hokjønnsord som hovudledd, kan nemnast *Brekke*, som førekjem fleire stader i Rogaland. Også blant naturnamn med eit svakt hokjønnsord som hovudledd kan ein finna former som er utvikla av oblik kasus i gammalnorsk. Skjernamnet *Kråge* frå Hellestø og Ølberg i Sola kommune er t.d. utvikla av gno. **Kráku*, som er oblik form av ordet *kråke* (Særheim 1978:145). Dette er likevel berre einstaka døme, og det synest ikkje rimeleg å tolka heile gruppa av namn frå Vest-Karmøy med svake hokjønnsord som endar på *-e* som utvikla av oblik kasus i gammalnorsk.

Det synest heller ikkje rimeleg å tolka dei nyss nemnde stadnamna med

e-ending frå Vest-Karmøy, altså namna på *-kjelle*, *-tue*, *-brekke*, *-bryggje* m.m., som lagingar til sterke ordvariantar, som etter det tradisjonelle mønsteret skal ha e-ending.

Ved eit raskt blikk på dei nemnde stadnamna frå Vest-Karmøy kunne ein kanskje få inntrykk av at det er mykje rot og oppløysing når det gjeld bøyingsmåten av hokjønnsord i dette målføret. Men det ville vera ei forhasta og altfor lettvtint og overflatisk slutning. Snarare er det her tale om ein omleggingsprosess som vil ta noko tid og som i overgangsfasen medfører veksling i bøyingsendinga. I denne omleggingsperioden er faktisk to ulike bøyingsmåtar aksepterte og brukte i ein og same ordklasse. Det registrerte stadnamnmaterialet er her ei viktig kjelde til å få informasjon om denne endringsprosessen i bøyingsverket.

Endring av det grammatiske systemet i eit målføre er ikkje noko ukjent fenomen. Tvert om, det er eit kjennemerke for dei norske dialektane – og andre språkvariantar – at dei er i utvikling. Det er det normale. Karmøymålet går for tida gjennom fleire endringar i det grammatiske systemet enn den eine som er omtala her.

Litteratur:

- Kolsrud, S. 1951: *Nynorsken i sine målføre*. Oslo.
- Nes, O. 1986: *Norsk dialektbibliografi*. Oslo.
- Ross, H. 1909: *Norske Bygdemål 5*. Videnskabs-Selskabets Skrifter. Kristiania.
- Sandvik, O. H. 1979: *Talemål i Rogaland - i går, i dag og i morgon*. Rogalandsforskning. Rapport nr. 1 1979. Stavanger.
- Særheim, I. 1978: *Stadnamn frå sjøen på Jæren*. Uprenta hovudfagsoppgåve i nordisk. Bergen.
- Særheim, I. 1990: *Utsira. Namn og stader*. Stavanger.
- Særheim, I. 1992: *Sirdal. Namn og stader*. Stavanger.
- Uppstad, P. H. R. 1993: *Stadnamn frå sjøen på Vestkarmøy*. Uprenta hovudfagsoppgåve i nordisk. Bergen.

Namn og namneformer:

Nedanfor følgjer eit oversyn over namn og namneformer som er omtala, noterte i normert form og i nedarva lokal uttaleform. I uttalemærkinga er teiknet K nytta for kj-lyden i t.d. *-vikje*, G for gj-lyden i *-veggjen* og N for ng-lyden i *-seng*. Vokallengd er markert ved kolon (:) etter den lange vokalen. Konsonantlengd er ikkje markert særskilt. Teiknet ‘ er nytta om tonelag 1, og « om tonelag 2.

Følgjande forkortingar er nytta ved heimfestinga av namna: Dyr - Dyrland; Fer - Ferkingstad; Har - Haringstad; Heb - Hebnes; Kvh - Kvilhaug; Kvv - Kvilhaugsvik; Lik - Liknes; Lon - Longåker; Røv - Røvær; San - Sandve; Sta - Stava; Sev - Sevland; Tjøs - Tjøsvoll; Vea - Veabygda.

Abrahamskjelda /'a:brahamsKele/ Sta	Gryta /»gry:to/ Røv
Annakvartårsfluna /»anakva:rtå:rsflu:ne/ Røv	Grønavika /»grø:navi:Ke/ Røv
Annemorstova /»anemo:rstå:ve/ Sta	Grønevika /»grø:nevi:Ke/ Tjø
Bandavika /»bandavi:Ke/ Fer	Grønvika /»grø:nvi:Ke/ Tjø
Bekkarvika /»bekarvi:Ke/ Røv	Halveita /»ha:lveite/ Sev
Bergaskogtjørna /»bergasko:gKødne/ Har	Hebneståna /»hibnestå:ne/ Heb
Bjelkavika /»bjelkavi:Ke/ Vea	Hebnesvika /»hibnesvi:Ke/ Heb
Bongsabrekka /»båNsabreke/ Sta	Heimdalsbrekka /»heimda:lsbreke/ Vea
Breiavika /»breiavi:Ke/ Røv	Hella /»hedlå/ San
Brimsekjelda /»brimseKele/ Sta	Hellesøyna /»hedlesøyne/ Vea
Broka /'bro:Ke/ Røv	Henriksmyra /'henriksmy:re/ Dyr
Buarvika /»bu:arvi:Ke/ Vea	Hestamarka /»hestamarKe/ Røv
Buholmsvika /»bu:hålmsvi:Ke/ Røv	Hillersøy(na) /»hidlersøy(ne)/ Røv
Buholmsvikssletta /»bu:hålmsvi:kslete/ Røv	Hilleslandsmyra /»hidleslansmy:re/ Lon
Båtstøa /»bå:tstø:e/ Heb	Hilnabrekka /'hilnabreke/ Vea
Dovamyra /»då:vamy:re/ Lon	Hola /»hå:lå/ San
Ekra /»e:kro/ Røv	Hollendervika /hå'lendervi:Ke/ Røv
Fjellsnova /»fjelsnå:ve/ San	Hollkoppevika /»hålkåpevi:Ke/ Røv
Gamlamyra /»gamlamy:re/ Dyr	Hossågemyra /»håså:gemy:re/ Sta
Gannvika /»ganvi:Ke/ Røv	Høvringsbukta /»høvriNebokte/ Røv
Gatesletta /»ga:teslete/ Røv	Ingridlogga /»iNrilåGe/ Vea
Ginebrekka /»gi:nebreke/ Vea	Jakobshola /'ja:kåbshå:lo/ Røv
Glettebukta /»gletebokte/ Røv	Jensabrekka /»jensabreke/ Vea
Grautabrekka /»grautabreko/ Røv	Jovika /»jo:vi:Ke/ Vea
Grodvika /»gro:dvi:Ke/ Heb	Joviketua /»jo:vi:ketu:e/ Vea
Gryta /»gry:tå/ Sta	Kalvatjørna /»kalvaKydne/ Røv
	Karibua /»ka:ribu:e/ Sta
	Kattapina /»katapi:no/ Røv

- Kattatjørna /»kataKydne/ Vea
 Kjerringefluna /»KeriNeflu:ne/ Røv
 Klovhaugsletta /»klå:vhaugslete/ Røv
 Klubbavika /»klubavi:Ke/ Røv
 Klypa /»kly:på/ San
 Krabbavika /»krabavi:Ke/ Vea
 Krabbavika /»krabavi:Ke/ Lik
 Kringla /»kriNlå/ Sta
 Kruna /»kru:nå/ Sta
 Kruna /»kru:nå/ Sev
 Kulevika /»ku:levi:Ke/ Tjø
 Kvalbergstjørna /»kva:lbersKydne/ Røv
 Kvalbergsvika /»kva:lbersvi:Ke/ Røv
 Kverna /'kvedne/ Sta
 Kvernavika /»kvednavi:Ke/ Vea
 Kvernavika /»kvednavi:Ke/ Sev
 Kvidemyra /»kvi:demy:re/ San
 Kvilhaugsmyra /»kvi:lhaugsmy:re/ Lon
 Kvilhaugsveita /»kvi:lhaugsveite/ Lon
 Kåretåna /»kå:retå:ne/ Røv
 Kåsa /'kå:se/ Sta
 Labryggja /»la:bryGe/ Tjø
 Laksavika /»laksavi:Ke/ San
 Larsahola /»la:rsahå:lo/ Røv
 Larsamyra /»la:rsamy:re/ Sta
 Liggvika /»ligvi:Ke/ Røv
 Lillandtjørna /»lilanKydne/ Sta
 Litlavassbruna /»litlavasbru:ne/ Lon
 Longåkeråna /»låNå:kerå:ne/ Lon
 Lotastranda /»lo:tastrande/ Røv
 Lysemyra /»ly:semy:re/ Heb
 Maramyra /»ma:ramy:re/ Vea
 Marka /'marKe/ Sev
 Melerfluna /»me:lerflu:ne/ Røv
 Melkeviksletta /»melkevi:kslete/ Røv
 Mineura /»mi:neu:re/ Røv
 Mosatongsvika /»må:satåNsvi:Ke/ Røv
 Mosseholå /»måsehå:lo/ Røv
 Munkajordsvika /»moNkajo:rsvi:Ke/ Vea
 Myra /'my:re/ Sta
 Myra /'my:re/ Dyr
 Myra /'my:re/ Røv
 Måkastranda /»må:kastrande/ Røv
 Naustvika /»naustvi:Ke/ Vea
 Nibba /»nibå/ Sta
 Nibba /»nibå/ Sev
 Nordlendingsveita /»no:rleniNsveite/ Lon
 Nordramyra /»no:ramy:re/ Dyr
 Onskråna /»onskrå:ne/ Kv
 Ornavika /»ormavi:Ke/ Vea
 Pilevika /»pi:levi:Ke/ Røv
 Postbrekka /»påstbreke/ Vea
 Rasmusåuna /'ra:smusaune/ Dyr
 Reina /'reine/ Lon
 Repsøyna /»repsøyne/ Vea
 Revamyra /»re:vamy:re/ Sta
 Revursmyra /»re:vu:rsmy:re/ Nes
 Risdalsvika /»risdalsvi:Ke/ Lik
 Røysa /'røyse/ Sta
 Salvøyna /»salvøyne/ Vea
 Sandvestølskjelda /»sanvestø:lsKele/ San
 Sebestølsmyra /»se:bestø:lsmy:re/ Lon
 Seiavika /»seiavi:Ke/ Heb
 Seihammarvika /»seihamarvi:Ke/ Lik
 Seka /»se:kå/ Sev
 Selvika /»selvi:Ke/ Lik
 Sevikevika /»se:vi:kevi:Ke/ Vea
 Sirisenga /»si:risenje/ Røv
 Sjoarevika /»sjo:arevi:Ke/ Sev
 Sjurstjørna /'sju:rsKydne/ Vea
 Skiftesvika /»sjiftesvi:Ke/ Kv
 Skukkatjørna /»skokaKydne/ Lon
 Skulebrekka /»sku:lebreke/ Vea
 Sletta /'slete/ Vea
 Slettaflona /»sletaflo:ne/ Nes
 Slettavika /»sletavi:Ke/ Vea
 Slettedalsmyra /»sleteda:lsmy:re/ San
 Slåggevika /»slågevi:Ke/ Røv
 Smalabrekka /»sma:labreke/ Vea
 Spekkura /»speku:re/ Røv
 Sprinkelsvika /'sprinkelsvi:Ke/ Vea
 Spriseilsvika /'spri:seilsvi:Ke/ Vea

- Starahola /»sta:rahå:lo/ Røv
 Stavakjelda /»sta:vaKele/ Sta
 Steinkjelda /»steinKele/ San
 Steinrika /»steinvi:Ke/ Røv
 Stemhaugsmyra /»stemhaugsmy:re/ Har
 Stemmesletta /»stemeslete/ Dyr
 Storakastmyra /»sto:rakastmy:re/ Røv
 Storebåsvika /»sto:rebåsvi:Ke/ Lik
 Storhaugsvika /»sto:rhaugsvi:Ke/ Tjø
 Storøyna /»sto:røyne/ Vea
 Storåkerrika /»sto:rå:kervi:Ke/ Røv
 Stutasletta /»stu:taslete/ Røv
 Stølsmyra /'stø:lsmi:re/ Heb
 Svinagjerdsrika /»svi:naje:rsvi:Ke/ Nes
 Såøyna /»så:øyne/ Vea
 Tarabrekka /»ta:rabreke/ Lon
 Tararika /»ta:raviKe/ Vea
 Teinevika /»teinevi:Ke/ Lik
 Tiphøymyra /»ti:phåymy:re/ Vea
 Tjørna /'Kydne/ Åkr
 Tjørna /'Kydne/ Lon
 Todnevika /»todnevi:Ke/ Vea
 Tolleifsmyra /»tådleifsmi:re/ San
 Tolleifsmyrkjelda /»tådleifsmi:rKele/ San
 Tominekjelda /to»mi:neKele/ Sta
 Torkelsfluna /»tårkelsflu:ne/ Røv
 Torneflona /»torneflo:ne/ San
 Tresletta /»tre:slete/ Røv
 Tresrika /'tre:svi:Ke/ Tjø
 Tua /»tu:å/ Sta
 Tvillingehola /»tviliNehå:lo/ Røv
 Ulvadalsbruna /»ulvada:lsbru:ne/ Lon
 Ulvøyna /»ulvøyne/ Røv
 Ura /'u:re/ San
 Vardakjelda /»va:raKele/ Sta
 Vardamyra /»va:ramy:re/ Røv
 Vardanesrika /»va:rane:svi:Ke/ Vea
 Vasletta /'va:slete/ Røv
 Vassbrekka /»vasbreko/ Røv
 Veramyra /»ve:ramy:re/ Røv
 Verasletta /»ve:raslete/ Kvv
- Vestjorda /»vestjo:re/ Heb
 Vikamyra /»vi:kamy:re/ Heb
 Vomma /'våmbe/ Vea
 Østhusrika /»ysthu:svi:Ke/ Vea
 Øydgardsmyra /'øyga:rsmi:re/ Dyr
 Øydgardstua /'øyga:rstu:e/ San
 Ågerrika /å:ger'vi:Ke/ San
 Åna /'å:ne/ Dyr/Heb